



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Edvin Løfoll

Arkivsak nr.: 2017/2461

Arkivkode: Q14

Utvalsaksnr **Utval**
Forvaltningsutvalet

Møtedato
06.03.2018

MIDLERTIDIG OG PERMANENT REDUKSJON AV TILLETEN TOTALVEKT PÅ HÅSKJOLDVEGEN - YTRESTØYLEN

Administrasjonen si tilråding:

Håskjoldvegen og Ytrestøylen får innført redusert totalvekt i perioden mars – juni til maksimalt 30tonn tilleten totalvekt. Dette gjeld frå kryss mot vegen Furene, til RV 653, Eiksundvegen. Den same strekninga får endra vegklasse permanent til BK8, med tillaten totalvekt 32tonn. Dette vert meldt inn til nasjonale veglister.

Vedleggsliste:

Kart som syner den aktuelle vegstrekninga.

Saksopplysningar/fakta:

Volda kommune har registrert mykje tung transport på vegstrekninga Håskjoldvegen – Ytrestøylen. Det er ikkje lenge sidan vegen vart stelt til att med ny asfalt, berre nokre få år. Asfalten er no i ferd med å krakelere og fleire stader har vegen allereie teke til å smuldre opp. Det er liten tvil om at vegen ikkje tåler den bruken som er på den i dag.

Vegen er i dag definert som BKT8, med tilleten totalvekt på 50 tonn. Kommunalteknisk har vurdert om vegen bør endrast permanent til BK8, med tillaten totalvekt 32 tonn. Dette vert truleg innført.

For å redusere skadene no i teleløysinga, ser kommunalteknisk det som eit godt alternativ å innføre mellombels reduksjon i tillaten totalvekt til 30 tonn for enkeltvogn og vogntog. Dette vil sjølvsagt ikkje hjelpe noko i høve skadar som allereie har kome, men vil truleg dempe mengda av skader no i teleløysinga framover våren.

Det tek normalt litt tid før vegar som får endra bruksklasse vert registrerte i dei nasjonale veglistene. Dette er difor endå eit argument for å innføre mellombels reduksjon i tilleten totalvekt. Kommunalteknisk vil melde inn ny bruksklasse med det fyrste.

Kommunalteknisk har undersøkt med naudetatar og VØR vedkomande deira behov i høve totalvekt. Det er ingenting som tyder på at dette vert utfordrande for dei. Ein kan ikkje sjå at

dette medfører større ulemper for anna verksemd som naturleg nyttar vegane. Det må i så fall vere tømmer transport eller liknande. Då har kommunen høve til å gje dispensasjon på vinterstid og med tele i bakken.

Kommunen har og fått inn fleire meldingar frå innbyggjarar/naboar til vegen som er svært uroa for mykje tung transport og syner til øydelegging av fast dekke.

Helse og miljøkonsekvensar:

Lite konsekvensar, men noko positivt for innbyggjarane i området i form av mindre støy og tung transport.

Økonomiske konsekvensar:

Små konsekvensar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Lite eller ingen konsekvensar

Vurdering og konklusjon:

Håskjoldvegen og Ytrestøylen får innført redusert totalvekt i perioden mars – juni til maksimalt 30tonn tilleten totalvekt. Dette gjeld frå kryss mot vegen Furene, til RV 653, Eiksundvegen. Den same strekninga får endra vegklasse permanent til BK8, med tillaten totalvekt 32tonn. Dette vert meldt inn til nasjonale veglister.


Rune Totland
teknisk sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

Volda kommune



 = DEN AKTUELLE VEGSTREKNINGA

21.02.2018
Edvin Høglund

Vedlegg til sak 2017/2461

Det vart gjort ein formell feil frå administrasjonen si side vedkomande ordlyden i tilråding til vedtak.

I vedtaket står det i første setning: *«Håskjoldvegen og Ytrestøylen får innført redusert totalvekt i perioden mars – juni til maksimalt 30tonn tilleten totalvekt».*

Her skulle det stå: Håskjoldvegen og Ytrestøylen får innført redusert aksellast i perioden mars – juni til maksimalt 8tonn. Dette er i samsvar med vegklasse BK8.

Endring i denne ordlyden betyr at ein kan køyre med berre 8tonn per aksel og 12 tonn med boggi. Det resulterer i ei totalvekt på ein vanleg lastebil med boggi (framaksel og bakaksel m/boggi) på 20tonn.

Når det gjeld resten av ordlyden i administrasjonen si tilråding, så er det ingen feil i ordlyden. Denne endringa (for den midlertidige perioden mars – juni) vil vere i samsvar med permanent endring av vegklasse.

Administrasjonen ønskjer denne endringa i saka av di det vil få juridiske konsekvensar ved brot på vedtaket. Rett ordlyd i vedtak er difor avgjerande.



VOLDA KOMMUNE

Ordførar

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POST| «POSTSTED»

»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2018/146	1520/2018	G40	ORDF/ JORAMD	29.01.2018

OFFENTLEG TANNHELSETENESTE - OPPRETTHALDING AV TILBOD

Volda kommune har registrert at Møre og Romsdal fylkeskommune i sin økonomiplan 2018-2021 vil legge ned den offentlege tannhelsetenesta sitt stadlege tilbod lokalisert i Volda sentrum, og samlokalisere dette i Ørsta. Sjølv om det frå fylkeskommunen si side kan vere rasjonelt, vil det klart føre til auka ulemper for brukarane i Nye Volda.

Den offentlege tannhelsetenesta ivaretek omlag 30% av tannhelsetilbodet i Volda, og omfattar gratis lovpålagde tannhelsetenester til born og ungdom, psykisk utviklings-hemma, eldre, uføre og andre i institusjon/heimesjukepleie, samt til ungdom 18-20 år og andre pasientgrupper med lovheimla rett til frie tannhelsetenester.

Med bakgrunn i aldersgruppetilbodet er Den offentlege tannhelsetenesta også ein viktig del av Volda sitt samla kommunale helsetilbod til unge studentar ved Høgskulen (4000 studentar av desse om lag 2000 busett i Volda) og elevar ved Volda vidaregåande skule.

Volda kommune har spreidd busetnad og skulestruktur som i sitt mangfald er med på å gjere Volda attraktivt. Dette gjer at store deler av brukarane av tenesta allereie har lang og tidkrevjande reise for å nå tenesta der den er lokalisert i Volda sentrum. Særleg vil dette og råke born, unge og andre i Hornindal som vil verte ein del av brukarane for denne tenesta. Ei flytting vil utan tvil vere ei vesentleg svekking av innbyggjarane i Hornindal sitt samla kommunale tenestetilbod samanlikna med dagens tilbod.

Slik tenesta no er lokalisert er den optimalt lokalisert i høve den vesentlege delen av brukarane, m.a. har born og unge på sentrumsskulane stort sett tenesta i gangavstand. Sentral og nær lokalisering er i stor grad avgjerande for å trygge optimal bruk av tilbodet. Ei flytting av tenesta til Ørsta vil forverre tilgangen vesentleg, svekke bruksfrekvens og dermed svekke tannhelsemålinga. Ei flytting vil og medføre vesentlege samfunnskostnader knytt til transportbehov, føre til auka fråvære frå undervisning og arbeid, medføre vesentleg auka behov for følgeteneste for brukarar m.m.

Volda kommune vil derfor be om at vi og dei store utdanningsinstitusjonane i Volda får høve til å uttale seg om saka før endeleg vedtak. Sidan dette er fremma i samband med økonomiplanhandsaminga som ein moglegheit, er vi tvil om fylkeskommunen har gjennomført ei grundig konsekvensvurdering og vi vil be om at dette blir gjort.

Med helsing

Jørgen Amdam
ordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
954 63 942

www.volda.kommune.no
Org. nr: 3991.07.81727
Bankgiro:
939 760 946